



Årsplan

2024/2025



Open, engasjert og modig

Innhold

Førmålet med barnehagen sin årsplan	3
Barnehagen sitt samfunnsmandat	4
Visjon	8
Verdiar	8
Barnehagen sitt innhald	10
Satsingsområde	17
LIVSMEISTRING OG HELSE	17
MILJØFYRTÅRN	18
Barns medverknad	19
Samarbeid	21
Samarbeid mellom heimen og barnehagen	21
Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar	22
Teieplikt, opplysningsplikt og avverjeplikt	23
Overgangar	24
Når barnet byrjar i barnehagen	24
Overgangar i barnehagen	24
Overgangen mellom barnehage og skule	25
Barnehagen som pedagogisk verksemd	25
Planlegging	26
Vurdering	26
Dokumentasjon	27
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte	28
Arbeidsmåtane til barnehagen	29
Progresjon	29
Årshjul for Lerstad barnehage	31
Praktisk informasjon:	32
Kjelder	35

Førmalet med barnehagen sin årsplan

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngivingane til barnehagen.

(Rammeplan for barnehagen - innhald og oppgåver, 2017, s. 37)

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd der innhaldet skal planleggast og vurderast. Barnehagen sitt pedagogiske arbeid skal vere grunngjeven i Barnehagelova og i Rammeplanen. Med utgangspunkt i Rammeplanen skal barnehagen sitt samarbeidsutval fastsetje ein årsplan for den pedagogiske verksemda.

Det vert utarbeidd ein årsplan for kvart barnehageår i kvar barnehage. Årsplanen vert publisert på nett og sendt ut på e-post til alle foreldre og føresette når den er fastsett. Årsplanen ligg til grunn for vidare arbeid med planar for kortare og lengre tidsrom, og for ulike barnegrupper ved behov.

Årsplanen sin funksjon

Årsplanen skal synleggjere korleis barnehagen omsett barnehagelova i praksis, og arbeider målretta for å sikre det pedagogiske arbeidet. Ifølgje rammeplanen har planlegging av barnehagen sitt innhald og arbeid fleire funksjonar:

- Personalet får grunnlag til å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet
- Det gjev kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa
- Synleggjer barnehagen si tolking og realisering av rammeplanen
- Gjev utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda

Barnehagen sin årsplan er også eit viktig dokument for eigar og myndighetene si oppfølging og tilsyn med barnehagen. Den er nyttig å bruke i samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar.

Barnehagen sitt samfunnsmandat

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdiar som kommer til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetane.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskarterang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheteir. Dei skal ha rett til medverking tilpassa alder og forutsetningar.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være et utfordrande og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

(Barnehagelova, 2005, §1. Formål)

Velkomen til nytt barnehageår i Lerstad barnehage.

Lerstad barnehage er ein barnehage som ligger ved Lerstadvannet i midtre bydel, med fine turområde i nærmiljøet. Både vatn, sjø, skog og fjell er innanfor rekkevidde, og vi er ofte på tur, både planlagde og spontane turar.

Vi har 54 plassar fordelt på om lag 45 barn. I år har vi ei rein forskulegruppe, ein småbarnsavdeling og ei avdeling for 3 og 4åringar.

Barnehagen vart opna i 1983, og har det siste året gått gjennom ei stor rehabilitering. To av tre avdelingar er no ferdig oppussa, og arbeidet fortsett med den siste avdeling og felleskjøkkenet. I tillegg har uteområdet blitt oppgradert det siste året, og vi har også fått grillhytte på området.

Myrsnipa er for barn født 2022 og 2023. I denne gruppa er hovudfokuset det første året å skape tryggleik og ein god start for dei miste. Dette gjer vi gjennom å bygge gode relasjonar mellom barna og dei tilsette, arbeide for at dei skal komme inn i gode rutinar i kvardagen og oppleve seg sett og ivaretatt i barnehagen.

Etter kvart startar vi med tema arbeid der vi ønsker at barna skal bli kjent med seg sjølv, kjenslene sine, kroppen sin, familien sin og få kjennskapen til namn og omgrep på det. Dei eldre barna vil ha sitt eige alderstilpassa prosjekt. Vi vil også være ute i løpet av dagen og gå å turar i nærmiljøet. Vi vil bruke og utforske dei fine naturområda gjennom heile året.

Vi vil gjennom vårt arbeid i kvardagen bruke song, rim, regler, sansing, forming, bøker og turar i tillegg til at leike skal være ein viktig del av kvardagen.

Vipa er for barna født i 2020 og 2021. I denne gruppa har vi også fokus på relasjonsbygging, skape tryggleik, utvikle barna sin kreativitet og bruk av naturen. Leik, både ute og inne vil difor være ein viktig del av kvardagen. Dei vil ha faste turdagar i tillegg til at dei vil være mykje ute på barnehagen sitt område og nærområde. På Vipa jobbar dei kvart år med ulike tema- og prosjektarbeid. Dei tek utgangspunkt i barnehagen sine satsingsområde og barna sine ønsker og interesser når dei planlegger tema og prosjekt.

Spoven er for barna født i 2019, førskolebarna. Dei er i år 14 barn, og vil ha eigne opplegg gjennom året. Det ein vil ha størst fokus på er at barna skal bli mest mogleg sjølvstendige til dei startar på skulen, samt at dei skal få utvikle sin sosial kompetanse. Slik ønskjer vi å styrke dei for overgangen til ein kvardag utanfor barnehagen.

Kvar avdeling har 3 fast tilsette, samt ekstra personale for barn med spesielle behov.

Grunnbemanning i Lerstad barnehage er 10 årsverk inkludert styrar.

Vi er ein del av verksemda Ålesund Midtre barnehagar, der Marthe Lundemo er verksemdsleiar. Dei andre barnehagane i verksemda er Fagerlia, Ratvikåsen, Lerstad, Fremmerholen og Rabbevågen.

I Lerstad barnehage har vi ein pedagogisk plattform som er inspirert av filosofien frå barnehagane i Reggio Emilia i Nord Italia. Deira måte å tenkje om barn på, er forankra i respekt for barnet.



Det viktigaste vi kan lære frå Reggio Emilia er ei genuin tru på barna, og at dei er i stand til å finne sin eigen veg til læring. Barnet er eit aktivt, kompetent og ressurssterkt individ heilt frå byrjinga av, med eigen evne og lyst til å lære, vokse og utvikle seg. Dette ligg til grunn for vårt syn på barnet som likeverdig dei vaksne. Barn lærer og utviklar seg i samspel med andre. Når barna arbeidar saman med andre kan dei støtte og hjelpe kvarandre, samstundes som dei får erfaring med andre måtar å tenkje på. Den vaksne sitt ansvar er å leggja til rette for gode opplevingar, samspel og relasjonar med andre barn og vaksne, i form av leik, aktivitetar, turar og samtalar. Barna skal gis mogelegheit til å utforske nye ting, undre seg og stille spørsmål, med vaksne støttespelarar til å utfordre dei vidare. Ved å formidle og gi barna tru på eigne ferdigheiter og innsats, kan dei nå sine mål. Dette vil skape optimisme og sjølvkjensle som igjen vil være god ballast å ha med seg vidare.

Vi lever i eit demokratisk land, og allereie i barnehagen er det viktig at barna gjer seg demokratiske erfaringar. Dei har rett til å få delta, og rett til å bli høyrd. Vi har alle plikt til å ta vare på kvarandre, sleppe andre til, og det handlar om å høyre til i eit sosialt fellesskap.

Demokrati og medverknad handlar ikkje om at barna skal få gjere som dei vil, men om å gi rom for å tenkje fritt, og å vise respekt for andre sine meininger.

Visjon

Visjon for kommunalområde opplæring

Robuste menneske med evne, vilje og mot til samskaping

Visjon i eigen barnehage:

Vi vil ta vare på dei små augeblicka og dei store opplevingane.

Verdiar

Ved å leggje til rette for positivt samspel, leik og oppleveling, vil vi at barna skal utvikle tru på seg sjølv, respekt for kvarandre og verdifulle venskap.

Vi legg vekt på:

- Demokrati.
- Likeverd og likestilling.
- Berekraftig utvikling.
- Likskap og ulikskap.
- Dei 3 pedagogane.

Som i Reggio Emilia filosofien tenkjer vi at det finns 3 pedagogar:

PERSONALET:

- Er nærverande og lyttande i samvær med barna.
- Er undrande, nysgjerrige og reflekterande saman med barna over ting som har skjedd, og kva ein kan gjere vidare.
- Skal organisere rom, tid og ulikt materiale til inspirasjon for leik. Dei skal fremme eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik, og erfare glede.

- Skal vere tydelege, rettleiande, engasjerte og planleggje for gode dagar for barna.

BARNA:

- Er aktive, ressurssterke og kompetente. Dei lærer av kvarandre i leik og utforskning omgivnadane.
- Lærer med heile kroppen, med alle sansa. Barn lukter, ser, lytter og føler. Dei beveger seg i mange og ulike omgivnader, og slik lærer dei om verda.
- Gode og nære relasjonar mellom barna og til dei vaksne i barnehagen har stor betydning for trivsel, og trivsel er viktig for læring og utvikling.
- Skal få vere så sjølvstendige som mogleg gjennom barnehagedagen, og dei vert oppfordra til å vere gode støttespelarar for kvarandre.

DET FYSISKE MILJØET:

- Barna skal møte tydelege rom som er lett å finn fram i, med utstyr og materiale som inspirerer til leik, utforskning og skapande aktivitet.
- Skal inspirere til utforskning, undring og nysgjerrigkeit.
- Eit rikt utval av utstyr og materiale skal vere tilgjengeleg, ryddig og oversiktleg for barna.
- Skal ha møteplassar som innbyr til kommunikasjon og samvær.
- Skal vere estetisk, variert og spanande.

Barnehagen sitt innhald

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

(Rammeplanen kap. 3)

Dei siste åra har vi hatt stort fokus på å leggje til rette for eit inspirerande, inkluderande og demokratisk leikemiljø for barna. Dette har vi gjort gjennom å skape rom som møter barna på en freistande og spennande måte, og å utvikle fleire rom i rommet, med variert materiale tilgjengeleg.

Gjennom heile barnehageåret jobbar vi med venskap og relasjonar. Venskap er ein sentral del av barnehagekvarldagen, som handlar om å ha nokon som ynskjer å være saman med deg, og som du ønsker å være saman med. Vi er opptatt av å legge til rette for at barn får danne gode relasjonar og at alle skal føle seg viktige, slik at dei blir trygge på seg sjølv og utvikle eit positivt sjølvbilete. Alle barn skal få oppleve seg sjølv som verdifulle, få vene og bidra i eit sosialt fellesskap. Vi har fokus på å utvikle barnas empati og nestekjærleik for å motverke mobbing, og trur at barnas tilgang til eit spennande læringsmiljø kor samarbeid er vegen til læring, kan være med på å førebyggje mobbing og krenkelsar.

Barns sjølvbilde, sjølvforståing og relasjonsbygging vil vere i fokus gjennom heile arbeidet. Barna skal få innsikt i kvarandre sine likskap og ulikskap, og gjennom å lære om seg sjølv og sitt miljø, vil barna utvide eige perspektiv og sjå seg sjølv i forhold til andre. Det handlar om identitet, likeverd, samhandling, respekt, fellesskap og meistringar.

Det gjeld sjølvsagt også dei yngste barna i barnehagen. Dei små skal gjere seg mange erfaringar, og det er viktig at opplevingar og læring skjer i trygge omgivnader. Vi ynskjer at barna skal lære

å vise omsorg for kvarandre, trøyste og hjelpe kvarandre, at dei skal lykkast i å meistre samhandling og føle seg som ein del av fellesskapet. Dette gjer vi ved å vise og forklare barna korleis dei kan handtere forskjellige situasjoner.

I byrjinga av barnehageåret startar vi med observasjonar for å finne ut kva barnas blikk er retta mot, kva interesser dei har, kor dei møtes, og kva vi tilbyr dei. Det vi finn ut av observasjonane, får betydning for tema og prosjekt gjennom året. Så sjølv om vi har lagt føringer for gjennomgåande tema, endrar vi på dette om dukkar det opp fleire andre tema barna er opptatt av i løpet av barnehageåret.

Gjennom prosjekterande arbeidsmåtar jobbar vi tverrfagleg med alle fagområda som er nemnd seinare i planen.

LEIK er den viktigaste aktiviteten i barnehagen, ein aktivitet barna sjølv styrer, som aldri må komme i skuggen av strukturerte og vaksenleia aktivitetar. Kvardagen i barnehagen kjenneteiknast av leik og varierte aktivitetar. For å fremme den positive og gode leiken må vaksne i barnehagen være nære og aktivt deltagande. Dei må leggje til rette for at leiken skal få gode vilkår. Gjennom ulike former for leik skapast relasjonar og vennskap, og læring er ein naturlig følge av leiken. Leiken vert omtala som demokratiets vogge. For å ivareta dette er det viktig å gi barna tid og rom, så god leik ikkje blir unødvendig avbroten. Leiken fremmer barns utvikling på mange områder, og i leik styrker og utviklar barna sin identitet og sjølvkjensle. Vaksne må legge til rette for et inkluderande miljø der alle barna kan oppleve glede og engasjement gjennom leik. Vi skal, saman med barna, leggje til rette det fysiske miljøet slik at det til ei kvar tid inspirerer til leik.

LEIKEN ER SPONTAN, FRIVILLIG, INDREMOTIVERT OG STYRT AV BARNET SJØLV.

Slik arbeider vi med leik ute og inne

- Inkluderer alle barna i leiken.
- Tilstadeverande vaksne.
- Rommet som 3. pedagog.

- Skape felles opplevingar, f. eks gjennom prosjekt.
- Deltakande vaksne som er bevisst på sine ulike roller i leiken.
- Innreiing av rom (fleire rom i rommet), tydelege rom.
- Leggje til rette for gode møteplassar, og tilføre nytt og nok materiale.

Vi har stort fokus på voksenrolla, med tanke på å være aktive deltakrarar, bli betre på å leggje til rette, være nysgjerrige og utforske saman med barna, oppmuntre til samarbeid, og gi barna anerkjenning og støtte. Gode vilkår for samvær og relasjonar vil danne grunnlaget for positive danningsprosessar. For å få til dette, må vaksne være tett på, og opptre som støttande stillas.

Vi har derfor tatt val om å fortsette i barnehagebasert kompetanseheving gjennom regionalt samarbeid Sunnmøre regionråd, for kommunane Fjord, Giske, Stranda, Sula Sykkylven og Ålesund, RE-Komp 2024-2025.

Vi har der meldt oss på prosjektet og vårt tema er:

“Tilrettelegging for leik og voksenrolla si betydning”.

DANNING er en livslang prosess og handlar om korleis man oppfattar seg sjølv, andre og verden. Det handlar også om å ta eigne val, sjølvstendig tenking, toleranse, demokrati og ikkje minst barns medverknad. Vi har stort fokus på voksenrolla, med tanke på å være aktive deltakrarar, bli betre på å leggje til rette, være nysgjerrige og utforske saman med barna, oppmuntre til samarbeid, og gi barna anerkjenning og støtte. Gode vilkår for samvær og relasjonar vil danne grunnlaget for positive danningsprosessar. For å få til dette, må vaksne være tett på, og opptre som støttande stillas. Danning er eit nøkkelord når vi reflekterer over korleis vi skal skape ei god framtid for alle, og kva som er viktige verdiar, kunnskap og ferdigheter i vår tid.

Danning handlar mellom anna om:

- Korleis vi pratar om kvarandre.
- Korleis vi pratar til kvarandre.
- Korleis vi møter ulikheit.
- Korleis vi oppfører oss til dømes under eit måltid.

Slik arbeider vi med danning:

- Gir barna opplevingar som fremmer ei positiv sjølvforståing.
- Barna er aktive deltakarar i fellesskapet
- Barna erfarer at mangfald og ulikheit er spennande og gir rom for læring.
- Respekt for kvarandre og kvarandre sine tankar.

OMSORG: I barnehagen skal alle barn oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte dei har behov for. Personalalet skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjoner mellom barn/ barn og barn/ vaksen som grunnlag for trivsel, glede og meistring.

Slik arbeider vi med omsorg:

- Vi ser barnets behov.
- “Eg er tilgjengeleg for barn som treng meg”
- Blir godt kjent med kvart enkelt barn.
- Vaksne er gode rollemodellar.
- Vaksne må stadig reflektere over:
 - Kva gjer eg for å ivareta barnet sitt behov for omsorg?
 - Er eg tilgjengeleg for barna?
 - Korleis sikrar eg at alle barn vert høyrd?

LÆRING: Barn er ressursskapande, nysgjerrige, aktive, skapande og forskande, og i samspel med andre tileignar dei seg kunnskap, haldningar og ferdigheter. Barna skal få oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om deira lyst og evne til å leike, utforske, undre, lære og meistre. Deira nysgjerrigkeit og trong til å vite skal anerkjennast og stimulerast og ligge til grunn for barna sine læringsprosessar. Barn lærer og utviklar seg i samspel med andre .Når dei jobbar saman med andre, kan dei hjelpe og støtte kvarandre, samstundes som dei får erfaring med andre sine måtar å tenkje på. Dei kan skape sin eigen kunnskap. Barn **kan** og **vil!**

Slik arbeider vi med læring

- Vi har fokus på delaktigheit og demokrati.
- Vi oppmuntrar til samarbeid og til at barne vert inspirert av kvarandre.
- Vi stiller spørsmål heller enn å gi svar, og undrar oss saman med barna.
- Vi gir barna anerkjenning og støtte.
- Vi ser kvart enkelt barn.
- Vi lærer barnet å lære.

FYSISK MILJØ: Romma i barnehagen skal gjenspeile vårt syn på barn, vårt kunnskapssyn og vårt læringssyn. Ingenting skal være tilfeldig og alt skal ha en hensikt. Rommet skal vere tydeleg, ønskje barnet velkommen, og inspirere til leik, aktivitet og utforsking. Det skal inspirere til kreativ tenking, stimulere sansane og vere eit lærande miljø. Det skal vere estetisk, variert og spanande. Rommet skal vise kva barna held på med og er opptatt av. Materiale skal vere tilgjengeleg og freistande, og fint presentert. Materiell og utstyr i eit rom eller ein leikekrok skal ha samanheng med kvarandre. Det fysiske miljøet skal heile tida vere i endring ut i frå barna sine interesser. Gjennom å gjere miljøet tilgjengeleg for barna, gir vi dei eit verktøy til å finne sin eigen veg til læring. Vi skal skape eit kreativt og fleksibelt miljø som lokkar og utfordrar, vekkjer forundring og nysgjerrigkeit, gir moglegheit til fordjuping og konsentrasjon, som oppmuntrar til kommunikasjon, og som er med på å skape gode relasjoner. Dette gjeld sjølvsagt også miljøet ute.

Slik arbeider vi med det fysiske miljøet:

- Observasjon av kva barna er opptekne av.
- Tilfører nok materiell og utstyr.
- Gjer materiell og utstyr tilgjengeleg og inspirerande for barna.
- Synleggjer og dokumenterer prosjekt og aktivitetar.
- Endrar rom, leikestasjonar og møteplassar etter barnas interesse.

PROSJEKTARBEID

I Reggio filosofien vektlegg vi verdien i barns uttrykk når vi fordjup oss i eit tema, og gjennom prosjektarbeid. Det betyr at vi bruker lang tid og utnyttar de moglegheter som ligg i barnehagens nærmiljø og lokalkultur. Dette gir inspirasjon til arbeidsmåtar som forming, musikk, drama og bevegelse – barnet tar i bruk sine sansar og hele kroppen.

Korleis vi møter barna og vårt syn på barna har store konsekvensar for kva barna lærer, kva erfaringar dei får og korleis dei opplever barnehagetida. Vi bruker prosjektarbeid som arbeidsmåte og barnegruppene sjåast som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet. Vi er opptatt av at vi skal ha eit miljø preget av glede, stor toleranse, og å høyre til eit fellesskap. Det handlar om et heilsakleg menneskesyn, kor vi heile tida må diskutere og reflektere rundt kva slags praktiske konsekvensar det får for dei val vi tar i kvardagen.

“Barnehagen skal støtte barna i å vere prøvande og nysgjerrige til omverda og bidra til å legge grunnlag for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal fremme samhold og solidaritet samtidig som individuelle utrykk og handlingar blir verdset og følges opp.”

(Rammeplanen for barnehagen)

Prosjektarbeid er å forske på nye mogleheter og andre måtar å sjå verden på. Denne arbeidsmåten gir oss mogleighet til å gå i djupna og jobbe med eit tema over tid. Vi lyttar til barnas spørsmål og leser deira kroppsspråk for å forsøke å utfordre dei vidare med utgangspunkt i deira interesser. Vi held på strukturen og organiseringa, og lar barnas interesser styre innhaldet. Det er viktig at personalet lyttar med heile kroppen og bruker pedagogisk dokumentasjon til å reflektere og å komme vidare i arbeidet. Vi ønskjer at barna skal finne svar på spørsmåla og problemstillingane sine sjølve og på sin eigen måte.

Slik arbeider vi med prosjekt:

- Alle vaksne har ansvar for ei gruppe barn.
- Den vaksne planlegg for si gruppe.
- Interessa til barna er utgangspunkt for prosjektet.
- Kvar prosjektgruppe skal vere i aktivitet minimum eit par gonger kvar uke.
- Den vaksne har fokustid ved prosjektarbeid.
- Den vaksne må drive arbeidet framover og halde prosjektet levande.

Barna skal få undre seg, utforske og finne ut av ting ved å komme med eigne tankar og teoriar saman med dei andre barna og ein støttande vaksen.



Satsingsområde

Hovudsatsings området for barnehageåret 2024-2025 vil også i år være utviklingsarbeidet:

«Tilrettelegging for leik og vaksenrolla si betydning».

Dette er eit rekomp-prosjekt (Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen) og målet er at barnehagar skal utvikle sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling.

Vi ønsker gjennom dette utviklingsarbeidet å auke kompetansen i personalgruppa, samtidig som vi kan auke barna si utvikling.

LIVSMEISTRING OG HELSE

Dette er eit rekomp-prosjekt (Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen) og målet er at barnehagar skal utvikle sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling.

Vi ønsker gjennom dette utviklingsarbeidet å auke kompetansen i personalgruppa, samtidig som vi kan auke barna si utvikling.

LIVSMEISTRING OG HELSE

Vi vidarefører arbeidet med tema livsmeslivsmeistring og helse, då vi ser det som viktig å bygge god fysisk og psykisk helse.

Livsmeistring kan definerast som «å utvikle ferdigheter og tilegne seg praktisk kunnskap som hjelper den enkelte til å handtere medgang, motgang, personlege utfordringar, alvorlege hendingar, endringar og konfliktar på en best mogleg måte, samt å skape trygghet og tro på eigne evner til å meistre.

Livsmeistring utviklast ved at vi får moglekeit til å bruke eigne evner og utvikle oss, oppleve mening, autonomi og dele mål og verdiar i eit fellesskap.

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å utjamne forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til barnas trivsel, livsglede, meistring og følelse av eigenverd og forebygge krenking og mobbing.

Barnehagen skal være ein arena for dagleg fysisk aktivitet og fremme barnas rørsleglede og motorisk utvikling. Måltidet og matlaging i barnehagen skal gi barna et grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevaner.

Barna skal bli sett, høyrd, forstått og tatt på alvor, både av dei tilsette og av dei andre barna. Gjennom prosjektarbeid får dei utforske på eiga hand og saman med andre. Då lærer dei noko om seg sjølv og korleis ein samhandlar med andre. Dei skal kunne få ein god balanse mellom punkta innanfor sosial kompetanse.

Det er eit stort emne, som omhandlar alt, og som nemnd tidlegare i planen, er venskap, fellesskap og relasjonar ein stor del av det.

MILJØFYRTÅRN

Å vere Miljøtårnfyrtårn bedrift inneberer systematisk arbeid med miljøtiltak i kvar dagen. Rammeplanen stiller krav til at barnehagane skal ha fokus på berekraftig utvikling.

Alle barnehagane i Ålesund kommune skal miljøsertifiserast. Vi er no sertifisert og fortsett arbeidet med fokus på å drive berekraftig og etterlate oss eit mindre avtrykk i miljøet. Nokre av tiltaka vi gjer er å sortere søppel (plast, papp/papir, glas/metall, farleg avfall), plukke søppel når vi er på tur, redusere matsvinn, auke innkjøp av økologiske produkt og avgrense forbruk. Vi er også opptatt av å lære barna å ta vare på naturen , gjennom haldningsskapande arbeid. Berekraftig drift er også å arbeide for et godt sosialt miljø i barnehagen. Når barn og tilsette har ein god kvardag, bidreg det til meistring, utvikling og god helse. Vi ønsker ein kvardag der ein tek vare på kvarandre og vil kvarandre vel. Slik kan vi bidra til berekraftig utvikling i samband med FNs berekraftsmål

I Lerstad barnehage er vi opptatt av å fremme verdiar, haldningar og praksis for eit meir berekraftig samfunn. Vi er opptatt av å ta vare på naturen og miljøet rundt oss. Lerstad barnehage har fokus på følgande miljømål: 10 • Vi kjedesorterer søppel og reduserer mengden restavfall. • Vi bruker naturmateriale og verdilaust materiale (søppel) til formingsaktivitet. • Vi vil redusere Strøm forbruket ved å skru av lys og senke temperatur når rom ikkje er i bruk og etter kl.17.00. Vi lukker dører. Ålesund kommune

skal også aktivt arbeide med FN sine berekraftsmål. Vi har valt å fokusere ekstra på FN sitt berekraftsmål nr. 14 «Livet i havet». Dette er et viktig område for oss som bor ved havet, siden hav og fiskeindustri er ei stor næring her. Vi vil tilpasse arbeidet med livet i havet til tema vi arbeider med ellers i året.

Barns medverknad

Barnehagen skal ivareta barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for, og oppmuntre til at barna kan få uttrykke sitt syn på barnehagen sitt daglege innhald, jf. Lov om barnehagar kap. II- §3, grunnloven §104 og FNs barnekonvensjon artikkel 12 nr.1.

I følge rammeplanen kapittel 4 skal barnehagen vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaring, dei individuelle føresetnadene og behova til barna.

Barns medverknad betyr at alle barn har rett til å bli høyrd. Dei må få uttrykke si meinings og ha innflytelse over sin eigen kvardag i barnehagen, og vi vaksne må ta dei på alvor. Vi vil at barna skal være aktive, sjølvstendige og nysgjerrige, og da må dei få moglegheit til å ta del, prøve, feile og gjere eigne erfaringar. Personalet i barnehagen må finne en balansegang mellom barns medverknad og dei vaksne si styring. Dette fordrar en stadig pågåande refleksjon over kva barna bør medverke i og kva personalet skal legge premissene for. Dei yngste barna i barnehagen uttrykker seg med heile kroppen, vaksne må tolke og forstå, og då er det viktig at dei lærer barna godt å kjenne. Barna får komme med innspel, behov og ønsker på alle områder gjennom barnehagedagen, dei blir høyrd, og innspela deira blir vurdert og tilpassa barnas alder og utvikling.

Vi jobbar mye med prosjekt, og utgangspunkt for dette arbeidet, er stort sett barnas interesse, og kva dei ønsker å undersøke og lære om. Barna jobbar i mindre, aldersinndelte grupper, og der er heile tida rom for diskusjon og refleksjon, slik at barna får komme med tankar og idear.

Vi er opptatt av gjenbruk, og nyttar mykje gjenbruk og udefinerbart materiale til forming, bygg, konstruksjon og leik. Barna samarbeider og bygger kreative byggverk og installasjonar som får stå over tid. Vi erfarer at materiale som ikkje er definert på førehand, og kan nyttast på mange ulike måtar, skapar eit positivt og meir inkluderande samarbeid mellom barna.



Samarbeid

Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

(Rammeplanen kap. 5)

For å sikre samarbeid med heimen, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna og skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldreprægruppa skapar eit godt barnehagemiljø. Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagen sin eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn i kvar av dei andre gruppene.

Barnehageeigar skal syte for at saker av viktigkeit vert lagt føre for foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

Foreldrerepresentantar til SU vel vi på foreldremøte om hausten, SU består av 3 foreldrerepresentantar og 3 representantar frå personalet. Saker som angår barn og foreldre tas opp i dette fora. Foreldrerepresentantane kan ta opp saker, og innkalte til møter ved behov, og skal fungere som bindeledd mellom foreldre og barnehage. Barnehagens sommarfest skal foreldra arrangere, og det er SU representantane som fordeler oppgåver.

Foreldra er vår viktigaste samarbeidspartner, det er dei som veit mest og best om sitt barn, og deira behov. Vi er opptatt av å ha god, dagleg kontakt med foreldre, noko som er særskilt viktig i forhold til å få og gi kunnskap om det einskilde barn.

Foreldresamtale: På foreldresamtalane er det enkeltbarnet som er i fokus. Der utvekslar vi observasjonar og vurderingar knytt til enkeltbarnet si helse, trivsel, erfaring, utvikling og læring. Saman med foreldrene, går vi igjennom styrkar og utfordringar som barnet har i kvardagen. Vi legg også fram kva vi tenker er viktig å jobbe vidare med for det enkelte barnet, både i barnehagen og heime. Dette kan til dømes være å vente på tur, vere i leik, vere i leik med andre barn over lengre tid, ta initiativ i leik og så bortetter.

Det blir sett opp 2 foreldresamtalar i året, med moglegheit for fleire. De er viktig at de som foreldre møter opp på dette slik at vi kan samarbeide til beste for barnet.

Foreldremøte for alle haldast på hausten. Vi arrangerer fleire foreldremøte gjennom året, når det er behov.

Dagleg kontakt: Den viktigaste kommunikasjonen er den som skjer kvar dag i hente-bringe-situasjon. Her gjev og får vi informasjon om barnet slik at vi får gitt eit best mogleg tilbod til kvar enkelt.

Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar

Regjeringa ventar – at kommunar og fylkeskommunar arbeider målretta for ein felles kultur for samarbeid på tvers av tenestene for å gi barn og unge som treng det, et heilskapleg tilbod. Godt tverrfagleg samarbeid handlar om at ulike fagmiljø arbeid saman og ser tilboda til barn og unge i samanheng.

(St.meld. 6, 2019-2020, s. 6)

I Ålesund kommune samarbeider barnehagane tverrfagleg med ulike aktørar som til dømes PPT, Barneverntenesta, Helsestasjonar, skular m.m.

Lerstad barnehage er med i Reggio Emilia nettverket i Ålesund. Nettverket består av 6 barnehagar, både kommunale og private. Styrargruppa møtes ein gong i månaden, pedagogar og assistenter har nettverksmøter nokon gonger i året på

dei forskjellige barnehagane. Nettverket arrangerer kurs, fagsamlingar og nettverkskveldar, og på heildagskurs blir andre barnehagar til å delta.

Teieplikt, opplysningsplikt og avverjeplikt

Barnehagelova § 44 pålegg teieplikt om forhold dei tilsette i barnehagen blir kjent med gjennom si stilling (jf. Fvl. § 13). Teieplikta er ein viktig føresetnad for at barnehagen skal bli informert om opplysingar i høve familieforholda til barn som kan vere avgjerande for opphold, trivsel og utvikling i barnehagen.

Barnehagelova § 46 pålegg tilsette i barnehagen, utan hinder av teieplikt, å gi opplysingar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at det finst mishandling av barn i heimen eller andre formar for alvorleg omsorgssvikt, også kalla meldeplikt. I tillegg skal ein gi opplysingar til barneverntenesta når ein bli bedd om det.

Ifølge straffelovens generelle bestemming om avverje, §196, er ein kvar forplikta til å søke å avverje ei straffbar handling eller følgjene av den, på eit tidspunkt då det framleis er mogleg, og det står frem som sikkert eller mest truleg at handlinga er eller vil bli skje. Den generelle plikta for å avverje gjeld også tilsette i barnehagen

Alle tilsette i barnehagen har godkjent politiattest.

Overgangar

Når barnet byrjar i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.

(Rammeplanen kap. 6)

Alle nye barn får invitasjon til å besøke barnehagen ein dag på førsommaren. Når de er på besøk, får dei litt informasjon, får helse på barn og vaksne på avdelinga, og de får utdelt skjema «informasjon og løvye». Den tar de med heim for utfylling, og leverer i barnehagen ved oppstart. De får også med seg skriv om tilvenning som de kan lese heime.

På småbarnsavdelinga har barna fast kontaktperson, og den første tida med korte dagar, er det alltid same person som tar imot barnet, er saman med det gjennom dagen, og informerer foreldra.

Overgangar i barnehagen

Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter gruppe

(Rammeplanen kap. 6)

Barn som skal begynne på ny avdeling, får bruke god tid til tilvenning. Dei besøker den nye avdelinga utover våren, først saman med ein voksen, og seinare aleine i lengre periodar. Dei er ute saman med dei eldre barna etter lunsj, og kan av og til vere med på små turar.

Overgangen mellom barnehage og skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga.

(Rammeplanen kap. 6)

Prosedyre for overgang mellom barnehage og skole skal sikre ein best mogleg overgang for barna.

Lerstad barnehage har Lerstad skole som nærmeste nabo, og omtrent alle barna i barnehagen begynner der. Vi har eit godt samarbeid med skolen, og vert innimellom invitert til å delta i arrangement, låner gymsalen, og avviklar overføringsmøter. Skolen besøker barnehagen, og helsar på førskolebarna tidleg på året, og det blir lagt til rette for at vi får besøke skolen ved behov.

Barn som begynner på andre skoler blir også godt ivaretatt, og vi prøver å få til besøk på skolen, slik at barnet får vist fram sin skole til dei andre i førskulegruppa.

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast.

Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane.

(Rammeplan kap. 7)

Alle barn skal ha eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon. Vår jobb er å leggje til rette og planleggje for at kvart einaste barn skal ha det så bra som mogeleg når dei er i barnehagen.

Planlegging

Barnehagen skal tenke og handle langsiktig og systematisk, og planlegginga må basere seg på kunnskap om barn sin trivsel og allsidige utvikling, individuelt og i gruppe.

(Rammeplan kap. 7)

Vi har 5 planleggingsdagar og personalmøte jamt ut over året der heile personalet er med. Her legg vi føringane for vårt pedagogiske arbeid. På avdelingsmøta planlegg vi arbeidet på den einskilde avdeling og barna der. I tillegg blir det planlagt undervegs i kvardagssituasjonane våre. Vi endrar og justerer planar undervegs ved behov.

Planlegging gjev personalet grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegging bidreg til kontinuitet og prosesjon og er utgangspunkt for refleksjon og utvikling av det pedagogiske arbeidet.

Vurdering

Hovudføremålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med lov og forskrift.

(Rammeplan kap. 7)

Vi reflekterer rundt det som skjer i barnehagen i det daglege arbeidet, og vurderer det pedagogiske arbeidet fortløpende. Formålet med vurderinga er å sjå om vårt daglege virke samsvarer med lov, rammeplan og årsplan. Vurderingsarbeidet baserer seg på tilbakemeldingar frå foreldre og barn, observasjonar, samtalar og dokumentasjonsarbeid samt refleksjon i personalgruppa.

Samtaler med personalet, foreldresamtalar og brukarundersøkingar er utgangspunkt for å oppnå målet med vurdering, som er å skape ein god barnehage for kvart enkelt barn.

Dokumentasjon

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i arbeidet med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Vurderingar i høve trivsel og allsidig utvikling skal dokumenterast når det er naudsynt for å gi eit tilrettelagt tilbod. Barn har rett til vern om sin personlege integritet. Foreldre har rett til å sjå og få utlevert dokumentasjon om eigne barn, og til å få sletta eller korrigert opplysingar som er feilaktige eller misvisande.

(Rammeplan kap. 7)

Dokumentasjonsarbeidet vi driv, skaper grunnlaget for refleksjon og vurdering. Det blir ei synleggjering av barnas sine læringsprosessar og av det som skjer i barnehagen. Gjennom dokumentasjonsarbeid får barnehagen eit godt grunnlag for å justere, endre eller vidareføre praksis. Dokumentasjon skal synleggjere barnehagedagen og det barna er opptatt av. Prosjektarbeid skal dokumenterast ved hjelp av tekst og bilete, og dokumentasjonane skal vere eit verktøy for refleksjon, saman med barna og i personalgruppa.

Månadsplanane er og ein del av vår dokumentasjon, der vi informera om kva som skal skje og litt om kva vi har gjort den førre månaden. Vi kommunisera også informasjon og dokumentasjon gjennom appen «IST».

Vi er medvitne og har gode rutinar for personvern. Barn har rett til vern om sin personlege integritet. Eit etisk perspektiv skal difor ligge til grunn ved dokumentasjon og av barnegruppe og enkeltbarn. Personopplysningane blir behandla i samsvar med personvernlova. Dersom barnehagen skal utlevere personopplysningar om barnet til andre instansar og det ikkje føreligg lovheimel, skal foreldra samtykke til dette. Skjema «Informasjon og løyve» omhandlar mellom anna bruk av biletar av barna.

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter barna sine behov og føresetnadar, også ved behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar.

Barnehagen skal arbeide målretta og systematisk for at barn som treng ekstra støtte får eit inkluderande og likeverdig tilbod, og slik vere ein del av eit meiningsfullt fellesskap.

Om det er grunn til å tru at barnet sitt behov ikkje kan dekkast innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. Barnehagen skal sørge for at barn som mottek spesialpedagogisk hjelp, inkluderast i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbodet.

(Rammeplan kap. 7)

I barnehagen er der oftast barn som vil trenge ekstra støtte og tilrettelegging, enten det gjeld språk, leik eller andre områder. Vi skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, så raskt som mogleg får de sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er naudsynt for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Hjå barn som treng ekstra støtte har vi regelmessige møter både med foreldra aleine og saman med aktuelle instansar som til dømes helsestasjon, PPT, ressursbasen og så bortetter. Dersom vi observera at eit barn treng ekstra støtte i kvardagen vil foreldre alltid bli informert før vi tek kontakt med andre instansar.

Det er mykje god hjelp å få. Ofte er det vi i personalet som treng litt rettleiing og eit blikk utanfrå for å sjå kva akkurat det barnet eller barnegruppa treng akkurat no. Vi har eit eige fagsenter samt småbarnsteam som vi kan ta kontakt med for å få drøfte saker anonymt.

Barn som har vedtak, har rett på ekstra hjelp og oppfølging.

Arbeidsmåtane til barnehagen

Progresjon

Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø.

(Rammeplan kap. 8)

Alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Gjennom prosjektarbeid legg vi til rette for varierte leike-, aktivitets- og læringsmogeleigheter som byggast vidare utifra barnas interesser. Vi hjelper barna med å skape mestringsfølelse og bygge ny kunnskap om det vi held på med. I løpet av barnehagetida skal barna oppleve meistring, og samtidig få oppgåver som gir moglegheit til å lære nye ting og få god sjølvkjensle. Barna må få ulike utfordringar og oppleve at dei lærer stadig meir. Vi må finne ein balanse mellom det å oppleve meistring og å strekke seg etter nye mål. Progresjon skal følge barnet, og ikkje ein bestemt aldersgruppe. Det er ein prosess, ikkje eit målbart resultat, og handlar om at barna får mogleigheter til å gjere seg erfaringar. Vi observerer barns meistring og legger til rette for videre utvikling på kvart enkelt barns mestringsnivå. Aktivitetane blir tilpassa barnas alder, modning og interesser, og alle trenger ikkje være med på alt. Barnehagen skaper progresjon i innhald, og bidrar til utfordringar for barna, slik at kvart barn til ein kvar tid har noko å strekke seg etter. Opplevelser, aktivitetar og utfordringar aukar i takt med modning, alder og utvikling, og det er dei vaksne sitt ansvar at dette skjer. Vi jobbar med tema gjennom året, og barna deles i mindre prosjektgrupper som arbeidar med temaet på forskjellige måtar, tilpassa alder, modning og interesse. Gjennomgående tema er som regel voksenstyrt, mens prosjekta blir til underveis.

Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehagens innhald, og barnehagen skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte leike-, aktivitets- og lærings mogeleigheter. Vi har difor sett opp korleis vi ønsker å arbeide med dette.

Aldersgruppe	Barna skal få	
0 -2 år	Oppdage, observere, prøve, bli kjent med, bruke ulike sansar og oppleve verden rundt seg.	Dei vaksne skal støtte og hjelpe, og legge til rette for at barna får gode opplevinga
2 – 4 år	Utvikle ferdigheter, medverke, erfare, skape egne teoriar og oppleve meistring	Dei vaksne skal tilføre kunnskap og lærdom, samt gjære barna oppmerksom på egne evner og utviklingsmuligheter.
4 – 6 år	Fordypning og forståing, utvikle ferdigheter, oppleve og føle mestring.	Dei vaksne skal bidra til å auke barnas nysgjerrighet og interesse, slik at de kan utvikle ferdigheter som gir meistringsoppleveling

Fagområda

I barnehagekvarldagen er vi innom dei aller fleste fagområda kvar dag. I leik og ulike aktivitetar, på turar, under måltid og i rutinesituasjonar er vi innom fleire av fagområda. Dette skjer naturleg gjennom barnas utforsking, utprøving, spørsmål og undring. Dei vaksne støtter opp under barnas undring, og tilfører nye spørsmål og problemstillingar. I tillegg legger vi opp til pedagogiske aktivitetar der fokus ligg på eit eller fleire av fagområda.

- Språk, tekst og kommunikasjon
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengde, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

Årshjul

- August:** Velkommen til nytt barnehageår til alle barn og foreldre.
Observasjon; kva er barna opptekne av?
Foreldremøte.
- September:** Brannvernuke.
Oppstart tema og prosjekt.
- Oktober:** Tema og prosjektarbeid.
- November:** Tema og prosjektarbeid.
- Desember:** Markering av Luciadagen, nissefest, julevandring.
Luciafeiring for foreldre på ettermiddag (utandørs)
- Februar:** Samenes nasjonaldag: 6.februar, solfest,
Fastelaven/ karneval. Dette feirar vi på en litt
annaleis måte, barnehagen har alt av klær/hattar
smykkar osv., så barna trenger ikkje å ta med noko.
Her kan de velge sjølv kva de vil ha på, og bytte
klær så mange gonger de vil. Vi har neglesalong,
hårsalong, dico, kiosk osv.
- Mars:** Barnehagedagen. Markering av dagen med årets tema.
Påskefrukost på alle avdelingar før påske (for foreldre).
Påskerebus for barna rundt Lerstadvannet.
- April:** Onsdag før Skjærtorsdag, den 16 april stenger
barnehagen kl. 12.00.
Påskeferie frå 17 april til 21 april.
- Mai:** **16. mai:** feiring av 17. mai på barnehagen
17. mai: Barnehagen deltar i barnetoget i Ålesund
sentrum. Foreldre har ansvar for fane, og for å
bringe den til Lerstad til markeringa på skulen.
29. mai: Kristi Himmelfartsdag
- Juni:** **9. Juni:** første pinsedag
Egen avslutning for førskolebarna
Sommar avslutning i barnehagen for barna
Sommarfest som er i regi av foreldra.

Planleggingsdagar (5 i året):

12. august

30. september (Prosjektsamling)

30. mai 2025

20. juni 2025

Ein dag er ikkje fastsett dato på endå (mogleg 2 januar 2025)

Praktisk informasjon:

Fødselsdager:

Vi feirar fødselsdagar med fokus på bursdagsbarnet, der dei får krone og får vere hovudperson. Det er litt ulik frå avdelingane korleis ein legg opp feiringa. Avdelingane har ansvar for å lage til feiringa.

Måltid:

Mat og drikke er ein viktig del av barnehagedagen, både for barn og vaksne. I følgje rammeplanen skal vi bidra til at barna får gode kostvanar. Det betyr å leggje til rette for måltid som fremmer helse, utvikling og trivsel.

Vi følgjer nasjonal tilråding om samansetting av måltid, og serverer grovt brød, plantemargarin og et stort og allsidig utval av pålegg. Grønsaker og tilbod om havregryn er også ein del av lunsjmåltidet kvar dag. I tillegg til frukost og lunsj, får barna eit frukt og knekkebrød på ettermiddag. Vi serverer vanlegvis eit varmt måltid i veka. Barna hjelpt til ved matlaging og førebuing av måltid.

Ferie:

Alle barn skal ha minimum 4 veker ferie i løpet av barnehageåret, der minimum 3 veker skal vere samanhengande Disse vekene kjem i tillegg til planleggingsdagane. Ferie og fridagar skal varslast i forkant.

I romjula og i påskeuka sender vi ut skjema i IST eller Forms med spørsmål om kven som kjem i barnehagen, og vi slår som regel saman avdelingane dersom det vert få barn. Bemanninga er også redusert desse dagane.

Sommaren 2025 stenger barnehagen i veka 28, 29 og 30.
Personalalet tek til vanleg 4 veker samanhengande, og avdelingane vert slått saman i veka før og etter at vi er stengd.

Sjukdom:

Føljande reglar gjeld for barns sjukdom og fråvær. Reglane er tiltak for å bidra til smittevern av omsyn til barna.

1. Ved oppkast og diare er det 48 timer karantene frå siste oppkast/ diare før barnet kan kome i barnehagen igjen.
2. Barn med feber skal ikkje vere i barnehagen, og dei skal ha ein feberfri dag før dei kjem tilbake. Gi aldri febernedsettande til barnet før det sendast i barnehagen. Gi beskjed om anna medisin er gitt heime.
3. Allmenntilstanden avgjer om barnet bør vere i barnehagen eller ikkje. Om personalet meiner at barnet er i dårlig form, vert foreldra kontakta.

PERSONALET I LERSTAD BARNEHAGE:

Namn	Stilling	%	Avdeling
Marthe Lundemo	Verksemdsleiar	100 %	SJØHOLT
Eldrid Olsvik Howden	Styrer	100%	LERSTAD
Synnøve Aakvik	Pedagogisk leiar	40%	MYRSNIPA
Henrik Flod Kvien	Barnehagelærar	100%	SPOVEN
Evgeniya Andersen	Assistent	100%	VIPA
Åse Rogne Farstad	Assistent	40%	SPOVEN
Merete Østrem Flisnes	Fagarbeidar	100%	MYRSNIPA
Beate Gjerde	Fagarbeidar	100%	SPOVEN
Stine Kaino	Pedagogisk leiar	100%	SPOVEN
Susanne Vartdal	Pedagogisk leiar	100%	VIPA
Merethe Lerstad Solli	Assistent	60%	MYRSNIPA
Evelyn Ness	Assistent	100%	VIPA
Mirka Roszkowska	Assistent	100%	VIPA
Åse Rogne Farstad	Assistent	60 %	MYRSNIPA
Åse Rogne Farstad	Assistent	40 %	MYRSNIPA

Kjelder


Rammeplan for barnehagen: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>

Lov om barnehager: [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)

Stortingsmelding nr 6: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>

FN's berekraftsmål: <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>

Barnekonvensjonen: <https://www.fn.no/Om-FN/Avtaler/Menneskerettigheter/Barnekonvensjonen>



Kontaktinformasjon:

Kontor: 70 16 26 55

Myrsnipa: 409 16 011

Vipa: 409 16 010

Spoven: 409 16 012

E-post Eldrid: eldrid.olsvik.howden@alesund.kommune.no

Mobil Eldrid: 917 26 799

Verksemdsleiar: Marthe Lundemo 415 18 135

www.alesund.kommune.no

